Eikerammen - Jord’s lækjing





Ovenfor er det bilete av to ulike kampteikn for eikerammen. Det første er bilete av eit eikeblad for å peika til eikerammen. Det andre er flaget for eikerammens åndstankar.

I eikeflaget synstyrer svart til motmakt, lilla til oppdyrk, grøn til samliv.

^ *er det kinesiske teiknet for mann og peiker til allmenn.* ^^ *er to menn som står saman som peiker til samhald.*

Underdraum for eikerammen
Idag er Moder Jord sjuk. Me tilgifter himmelen med febergassar. Me overproduserer som sørgjer for massiv søppelopphoping. Bitteplast kjem ut i våre hav frå våre plastklær. Overfolket styrer oss mot overproduksjon i staden for meiningsfylte liv. Me blir styrt vekk frå det meiningsfylte til det overflatiske. Me blir styrt til å verdsetja søppel, sløseri og falsk lykke. Me lever i skamtiden.

Så kva gjer me når me veit at Jord er sjuk? Me er naudd for å lækja tin. Sørgja for at tin blir frisk igjen. Med eikerammen, erkjenner me at Jord er ein kropp, difor seier me at eikerammen nytter kroppsrammen. Me snakker om lækjingar i staden for løysningar, og ufriskar i staden for problemar når me snakker om Moder Jord. Ved å gjera dette, sørgjer me for å tindeleggjera tin.

Losandes tankar for eikerammen
Løftet til maskinen er at det er sjølvregulerandes, men me kan sjå at dette ikkje er tilfellet. Særleg med tanke på krig, Jords feber og framveksten av fasismen. Me er naudd for å handla utenfor maskinen for å lækja.

Språket vårt er usunnt. Ordene våres deiliggjer makt. Me kaller dei som hamstrer for rike, når nokon griper til seg samfunnsgodar, kaller me det innvestering. Når dei som griper tvinger oss inn i arbeid kaller me dei for arbeidsgivarar.

Vårt språk visner oss. Det erkjenner ikkje oss som vaksandes vesenar, men heller som tannhjul for maskineriet. Vår verdiskapning skjer kun på jobben, mens fritid er uproduktivt. Å uttrykka seg sjølv verdsettes ikkje for sin eigenverdi. Språket vårt lar oss ikkje bloma.

Vårt språk fører våre blikk vekk frå aukar, og til det falske. Språket fører våre syn mot bilar, sydenturar, mobilar og dataspel. Vekk frå utforsking av innsektar, fuglar og fisk. Dette skjer fordi makt ynkjer å framandgjera oss vekk frå aukane. Me må handla for å kopla oss tilbake det meiningsfylte.

Samhald er grunnleggjandes viktig for lækjing. Om me ikkje står saman, så kan me ikkje lækja noko. Me er ikkje frie før alle er frie.

Alle har endringskraft. Dette kjem i form av strålingskraft og bølgekraft.

Åndstankar

Rollen til åndstankar er at dei skal losa oss til sjelero. Ein tankeramme vil væra ein form for åndstanke. Dei undernemnte åndstankane kan samstundes sees på som tankerammar.



Motmakt

Makt sørgjer for at me blir styrt vekk frå sjelero og mot grephamstring. Ingen tener på makt. Det skaper avstand frå vår bloming, sjølv for dei gripige.

Oppdyrk



Me er vaksandes tindar. Me ynkjer å uttrykka oss sjølve for kvarandre og oss sjølv. Me får lov til å elska dei me ynkjer å elska. Me ynkjer å dyrka oss sjølv sånn at me kan bloma.

Blomingsgleden er den kjenslen mann får når ein kan uttrykka seg på ein ny måte. Å ta eit kråkestup eller slå hjul. Å spela ein song på kornett.

Me viser omglede for å muntra opp til bloming, men når nokon er nedtrykt, viser me omsorg. Dette sørgjer for at me kan bloma saman. Når alle er sterke, kan me væra sterke for kvarandre.

Samliv



Me må leva med, ikkje mot. Me må leva med aukane, medmenn, samfunn og medtindar. Å ha samliv er å leva i ro med altet. Idag lever me mot Jord, men me må læra oss å bli auknære.

Allmenn



Menn står i kjernen, ikkje makt. Me kjemper for allmenningen. At me deler saman. Dette er noko me lærer om i barnehagen, men noko me gløymer når me blir vaksne. Ingen har rett på alle spadene. Ingen har rett på alle syklane.

Samhald



Når me støtter kvarandre i kvar av våres kampar, så kan me lækja. For når me står saman er me sterke. Me står imot krig. Me står for dugnad. Me dyrker fram tillitsfylte lokalsamfunn og verdssamfunn.

Handling
Handling er naudsynt for lækjing. Dette kan koma i mange formar.

Omlysning

Omlysning er når ein byter ut usunne tankar med sunne tankar. Ein kan særleg sjå verdien av dette når me snakker om å gå vekk frå rasistisk til samhaldandes namn. To dømar er å omlysa n-ordet til svart eller farga, eller å omlysa l-ordet til same.

Omlysning i eikerammen speler ein særs viktig rolle fordi den gir ein lækjing på korleis me gjer våre språk sunne igjen.

Synstyring

Å synstyra er å ta blikk med mål om å endra haldningar. Dette kjem i form av **synsgrep**. Eit synsgrep kan væra reklame, ein film, ein politisk markering, eller eit klistremerke. Dei som driver med synstyre har ein draum som dei kjemper for.

Idag kjem det meste av alt synsgrep frå dei gripige. Dei veit kva dei vil, og dei har heile maskinen bak sine skuldre for å styra oss.

Men ein trenger ikkje maskinen for å laga synsgrep. Ein trenger berre å tenka litt utenfor boksen. Ein kjem langt med litt kritt, nokre brosjyrar, tusj og litt fritid.

For kvar åndstanke, har eg lagd ein teikning som er laga for å gjera det lett å spreia tankane vidare. Ellers har eg eit bilete for kvar viktige tanke.

Avgriping

Grep er grunnlaget for makt. Dess mindre grep, dess mindre makt. Avgriping vil væra ein lækjing på makt.

Tankebok
Ei tinda er noko som lever. Ei sjøtinda kan væra ei sjøstjerna, torsk, tang eller algar.
Ein auk er tindar og deira samspel i sine omkringar.
Grep er noko som blir styrt. Makt er å ha grep. Dei som har mykje grep er mektige eller gripige. Idag er det grepskap og regimar som har makten.
Ein ramme er eit utsiktspunkt. Ein nytter rammar for å få eit meir gjennomtenkt og samanfletta verdssyn.
Ein mann er brukt som kjønnsnøytral i dette verket. Eg nytter heller kar og kvinne for å skilja kjønn.